

# Språkval på ungdomstrinnet – eit reelt val?

I denne artikkelen undersøker vi i kva grad fagvalet til elevane på ungdomstrinnet er eit reelt val. Vi begynner med å beskrive rammene for fagvalet. Deretter ser vi på regionale ulikskapar og samanhangen med mellom anna den faglege kompetansen i skulen. Til slutt tek vi for oss korleis føresette, venner og rådgivarar påverkar valet av framandspråk.

**Natali Seguí Schimpke**, høgskulelektor, og **Tina Buckholm**, seniorkonsulent, Framandspråksenteret

---

Vi bruker omgrepet framandspråk som ei fellesnemning for alle andre språk enn engelsk og norsk (jf. Meld. St. 25 (2016–2017)).

## **Rammene for språkval**

Ifølgje Fag- og timefordeling og tilbodsstruktur for Kunnskapsløftet Udir-1-

2022 skal elevar på 8.–10. årstrinnet ha anten arbeidslivsfag, framandspråk eller fordjuping i engelsk, norsk, samisk eller matematikk.

Normalt skal elevane ha det valde faget gjennom heile ungdomstrinnet, men regelverket opnar for at dei i samråd med

skulen kan velje noko anna i løpet av første semester på 8. trinn (Fag- og timefordeling og tilbodsstruktur for Kunnskapsløftet Udir-1-2022 – 2.1.4). Det er likevel ikkje alltid mogleg å byte framandspråk og/eller ønskt fordjupingsfag, for den faglege organiseringa på skulen kan hindre eit reelt omval. Dette er avhengig av lærar-

kreftene på skulen, lokale retningslinjer og skulen sine egne prioriteringar, noko vi vil komme nærmare inn på seinare i artikkelen.

Vidare heiter det: *Skoleeier skal tilby opplæring i fremmedspråk etter læreplanen i fremmedspråk på nivå I i minst ett av de fire språkene tysk, fransk, spansk eller russisk. I tillegg kan skoleeier tilby andre språk, også ikke-europeiske, etter samme læreplan. Skoleeier bestemmer hvilke fremmedspråk elevene skal få tilbud om, og hvordan tilbudet/tilbudene skal organiseres* (Fag- og timestfordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet Udir-1-2022).

Utdanningsdirektoratet sin database for grunnskulen (GSI) skil ikkje ut andre enkeltspråk enn fransk, spansk, russisk, tysk og italiensk. Det er derfor ikkje mogleg å hente ut informasjon om kva andre språk det er tilbod om undervisning i på ungdomstrinnet.<sup>1</sup>

Språktilbodet i den norske skulen reflekterer regjeringa si interesse for «å styrke ferdighetene i befolkningen både i norsk, engelsk og andre fremmedspråk [...] med tanke på at språk er vårt fremste kulturuttrykk» (Meld. St. 25 (2016–2017) og anerkjenninga av Europarådet si tilråding om at elevane i alle medlemslanda burde lære fleire framandspråk. Den nye læreplanen (LK20) legg stor vekt på kor viktig det er å lære fleire framandspråk enn engelsk: «alle elever skal få erfare at det å kunne flere språk er en ressurs i skolen og i samfunnet

[...] og at språkkunnskaper og kulturforståelse blir stadig viktigere» (jf. Overordna del – verdigrunnlaget i opplæringa).

Vi må likevel skilje mellom kva språk norske skular kan tilby, og kva språk elevane faktisk kan velje. Dette heng mellom anna saman med regionale faktorar, skuleøkonomien, tilgangen på lærarkrefter og lokale retningslinjer (som kor mange elevar det minst må vere for å opprette ei gruppe) – og i siste instans: kva skulen prioriterer. Ei prioritering kan til dømes vere at skulen har lærarar med nødvendig språkkompetanse, men vel å bruke denne læraren i andre fag, eller at skulen ikkje hentar inn kompetanse dei manglar, sjølv om elevgrunnlaget er stort nok til å opprette ei gruppe i eit språk.

### Regionar og språktilbod

Noreg er eit langstrekt land med regionale ulikskapar med tanke på skulestorleik, og vi må rekne med at det er nokre regionale faktorar som påverkar språktilbodet. I Nord-Noreg er det til dømes meir naturleg å tilby russisk på grunn av den geografiske nærleiken til målspråkområdet. Dette ser vi i tabell 1, som viser at det berre er Troms som har ein målbar andel elevar som har undervisning i russisk. Når det gjeld språkvalet i resten av landet, ser vi inga naturleg forklaring på kvifor til dømes spansk har dobbelt så stor andel elevar som tysk i regionar som Oslo, Viken og Rogaland. Dersom vi skal prøve å forklare kvifor nesten halvparten av dei som vel framandspråk, vel spansk, så kan vi sjå på

korleis spansk er synleg gjennom til dømes musikk, film/seriar, litteratur, mat og idrett. I tillegg har mange nordmenn eit forhold til Spania som ferieland, og rundt 50 000 nordmenn bur der heile eller delar av året (tal frå den norske ambassaden i Madrid, 2019).

Tabellen viser andelen elevar som har valt eit framandspråk på 8. trinn (skuleåret 2022/2023) i dei ulike fylkeskommunane. Språka i tabellen (russisk, fransk, spansk og tysk) er dei fire språka som alle skular må tilby minst eitt av.

Som tabell 1 viser, er spansk det framandspråket som blir mest valt i alle fylkeskommunar bortsett frå i Innlandet, der spansk og tysk har den same andelen (30 %). På landsbasis kjem tysk på andre plass og fransk på tredje plass. Berre ei handfull vel russisk i grunnskulen. Dette faget blir i størst grad introdusert på vidaregåande trinn.

I dei fleste fylkeskommunane er det (nesten) dobbelt så mange elevar på ungdomstrinnet som vel spansk. Det er viktig å merkje seg at tala frå GSI viser resultatet av dei språkgruppene som er blitt oppretta – dei viser ikkje nødvendigvis kva som var førsteønsket til elevane.

Årets resultat er nærmast identiske med resultatata for skuleåret 2021/22 (8. trinn). Då var det ifølgje dataa frå GSI 131 897 elevar som valde framandspråk i Noreg. Av desse valde litt under halvparten (45 %) spansk,

<sup>1</sup> Som privatist kan ein ta eksamen i 47 framandspråk (per mars 2023). Samisk og teiknspråk blir primært tilbydd som morsmål, men kan òg bli tilbydd som framandspråk.

2022/23	Russisk	Fransk	Spansk	Tysk
Oslo	–	23 %	46 %	20 %
Troms	1,8 %	6 %	33 %	18 %
Agder	–	6 %	37 %	24 %
Vestland	–	10 %	38 %	22 %
Innlandet	–	9 %	30 %	30 %
Viken	–	14 %	42 %	23 %
Nordland	–	8 %	29 %	22 %
Rogaland	–	10 %	45 %	23 %
Trøndelag	–	10 %	38 %	22 %
Vestfold og Telemark	–	10 %	41 %	21 %
Møre og Romsdal	–	7 %	37 %	22 %
Noreg	0,1 %	13,9 %	46,6 %	26,6 %

Tabell 1: Andelen elevar som har valt eit framandspråk på 8. trinn (skuleåret 2022/2023)

nesten ein tredjedel (27 %) valde tysk, mens 14 % valde fransk. (Se figur 1).

Det er skulane som legg føringar for kva språk dei skal tilby, og kor mange elevar det må vere for at det skal opprettast ein språkklasser. Språktilbodet heng òg saman med språkkompetansen på den enkelte skulen. Dei geografiske og regionale eigenskapane og befolkningsstettleiken i Noreg kan påverke kva for framandspråk skulane kan tilby. Eit notat av Doetjes frå 2013 går nærmare inn på samanhengen mellom bustadkommune, utdanningsnivået til dei føresette og val av framandspråk på ungdomstrinnet og konkluderer med at det er ein samanheng mellom desse tre.

I tillegg spelar skuleøkonomien ei viktig rolle. Alt i alt kan vi seie at språktilbodet

ved kvar enkelt skule er avhengig av den finansielle situasjonen, lærarkreftene og prioriteringa til skulen. Korleis påverkar dette elevane? Offentlege dokument kan gi elevane inntrykk av at dei kan velje mellom mange valfag og framandspråk (Fag- og timestfordeling og tilbodsstruktur for Kunnskapsløftet Udir-1-2022), men dei nemnde faktorane kan føre til at tilbodet i realiteten er eit heilt anna, slik at ikkje alle elevar får førstevalet sitt.

### **Elevane blir påverka av dei føresette, venner og rådgivarar når dei vel framandspråk**

Før elevane skal velje språk, får dei informasjon frå rådgivarar eller lærarar på skulen. Foreldra får munnleg informasjon på foreldremøte og/eller skriftleg informasjon elektronisk eller i posten. Rådgivarar, lærarar og foreldre er vanlege kjelder til

informasjon/rettleiing når elevar skal velje eller velje bort språk. I tillegg til desse er det ei gruppe som påverkar i stor grad – familie og venner. Både nasjonal og internasjonal forskning stadfestar dette.

Alt i 2014 stadfestar Carrai i doktoravhandlingen si at dersom foreldra har erfaring med og kompetanse innanfor eit språk eller har eit forhold til eit land der ein snakkar språket, påverkar det valet til elevane. I tillegg kjem det fram at dei føresette påverkar barna basert på eigne erfaringar og ønske for eigne barn. Ein studie om foreldrerolla og engasjementet i framandspråkopplæringa (Forey, Besser and Sampson, 2016) stadfestar at den akademiske bakgrunnen til foreldra påverkar synet deira på si eiga evna til å hjelpe barnet i opplæringa av eit framandspråk. I tillegg til akademisk bakgrunn spelar det sosioøkonomiske ei rolle når elevane skal velje eller velje bort framandspråk. Ifølgje notatet til Zhou (2020) er det ein klar samanheng mellom sosiale og økonomiske forhold og foreldra si tru på eiga evne til å støtte elevane i språk-opplæringa. Dette stemmer overeins med konklusjonen til Doetjes om samanhengen mellom utdanningsnivået til dei føresette og val av framandspråk. I det same notatet kjem det fram at enkelte foreldre rår barna frå å lære framandspråk fordi dei heller vil at barna skal bruke tid og energi på andre fag som dei reknar som viktigare.

Venner er òg ei viktig kjelde til motivasjon. Ein svensk rapport frå Lärarnas Riksförbund (2013) viser at venner er ein av dei

tre største motivasjonsfaktorane for å lære eit framandspråk. Samtidig viser ei undersøking at når dei unge skal ta val som påverkar utdanninga eller framtida deira, er dei ikkje alltid sjølve bevisste på at dei blir påverka av venner (Calmar Andersen, S. & Hjortskov, M., 2019). Ein kan altså spørje seg i kva grad elevane tek eit fritt eller bevisst val når det gjeld språkfag.

### Konklusjon

I denne artikkelen har vi diskutert om fagvalet til elevane på ungdomstrinnet er eit reelt val. Vi har sett nærmare på regionale faktorar, rammene til skulane og korleis dei føresette, venner og rådgivarar påverkar valet til elevane.

Vi kan slå fast at økonomi, tilgang på lærarkrefter og retningslinjene til skulen er avgjerande for kva språkvalmoglegheit elevane har på ungdomstrinnet. Vidare viser studiar at det er ein tydeleg samanheng mellom den akademiske bakgrunnen og den sosioøkonomiske

statusen til dei føresette og val av framandspråk. Kva erfaringar føresette og venner har, og kva råd dei gir, har òg mykje å seie.


Som nemnt ovanfor er det mange faktorar som spelar inn når elevane skal velje eller velje bort framandspråk. Men for at elevane skal få opplæring i det språket dei ønskjer, er det ein føresetnad at skulen tilbyr dette språket.

Tilgjengeleg statistikk frå Framandspråksenteret (fagvalstatistikk) om val av framandspråk i ungdomsskulen viser at fransk er det minst valde språket av dei tre store framandspråka i norsk skule (fransk, spansk og tysk).

For at språkvalet skal vere eit reelt val, må tilbodet vere rettferdig og likt for alle, noko som kan vere

vanskeleg å få til med tanke på kor mange framandspråk det blir gitt opplæring i i den norske skulen. Det er ikkje berre tilbodet som bør vere solid, opplæringa i dei enkelte språka må òg ha god kvalitet for at elevane skal oppleve glede og meistring og få eit godt utbyte av undervisninga.

Noreg satsar på framandspråk, men det er framleis ei politisk oppgåve og ei utfordring å leggje betre til rette, slik at elevane får ein reell sjanse til å velje det språket dei ønskjer å lære, og bli kompetente språkbrukarar i dette språket.



Figur 1: Andel elevar som valde fransk, spansk eller tysk i ungdomsskulen (8. trinn), på landsbasis i skuleåret 2021/22

## LITTERATUR

- Calmar Andersen, S. & Hjortskov, M. (2019). The unnoticed influence of peers on educational preferences. *Behavioural Public Policy*, Volume 6, s. 530–553. <https://www.cambridge.org/core/journals/behavioural-public-policy/article/abs/unnoticed-influence-of-peers-on-educational-preferences/8DF7DFAB8B8920495F0B581B590DFD5C>
- Carrai, D. (2014). *Fremmedspråk på ungdomstrinnet. En analyse av motivasjon og andre faktorer involvert i elevenes fagvalg og tilfredshet med faget*. Doktoravhandling, Universitetet i Oslo. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/41477>
- Doetjes, G. (2013). Fremmedspråk på ungdomstrinnet: store regionale forskjeller. Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa – Notat 3/2013. [https://www.hiof.no/fss/sprakvalg/fagvalgstatistikk/20130325\\_regionale-forskjeller.pdf](https://www.hiof.no/fss/sprakvalg/fagvalgstatistikk/20130325_regionale-forskjeller.pdf) (s. 10)
- Forey, Besser & Sampson (2016). *Parental involvement in foreign language learning: The case of Hong Kong*. *Journal of Early Childhood Literacy* 2016, Vol. 16(3), 383–413. [https://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/1468798415597469?casa\\_token=6ZAE1Ounm4AAAAA:TTP73Rdsy1A2KAGNxiZYIUvqHZe8n0Zpu3lIKlvWd7keXgEEMILyCLnPal1-EEKT LUQ9K1CF5sHYM](https://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/1468798415597469?casa_token=6ZAE1Ounm4AAAAA:TTP73Rdsy1A2KAGNxiZYIUvqHZe8n0Zpu3lIKlvWd7keXgEEMILyCLnPal1-EEKT LUQ9K1CF5sHYM)
- Framandspråksenteret – *fagvalstatistikk*. <https://www.hiof.no/fss/sprakvalg/fagvalgstatistikk/index.html>
- Kunnskapsdepartementet. Meld. St. 25 (2016–2017). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-25-20162017/id2545646/>
- Lärarnas Riksförbund (2013). *Språk är framtiden. En rapport om engelska och moderna språk*. <https://www.lr.se/download/18.2c5a365d1645ac11059e39e/1559028170433/Rapport%20Spr%C3%A5k%20%C3%A4r%20framtiden.pdf>
- Noruega en España. Bilaterale forbindelser. <https://www.norway.no/es/spain/for-nordmenn/ambassaden-og-konsulatene/bilaterale-forbindelser/>
- Utdanningsdirektoratet. *Fag- og timefordeling*. <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Innhold-i-oppleringen/udir-1-2022/>
- Utdanningsdirektoratets database for grunnskulen (GSI). <https://gsi.udir.no/>
- Utdanningsdirektoratet. *Overordna del – verdigrunnlaget i opplæringa*. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/?lang=nob>
- Zhou (2020). *The Influence of Family on Children's Second Language Learning*. University of Windsor. <https://scholar.uwindsor.ca/cgi/viewcontent.cgi?article=1126&context=major-papers>